

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 27. okt. 2023

Stad: Nesbyen kommunehus

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sigrid S. Ilsøy	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune

Desse møtte frå KRU:

Ole Johnnny Stavn	Hol kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Anders Halland	Nesbyen kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Jorun Utne, Regionalutviklar

Ingen møtte frå Viken fylkeskommune:

Magnus Weggesrud (SP)
Hilde Aarø (adm)

Forfall

Ola Frogner	Hemsedal kommune
-------------	------------------

SAK 49/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29. SEPT 2023
Vedtak:

Protokollen 29. sept 2023 er godkjent.

SAK 59/23 VAL AV RÅDSORDFØRER OG VARAORDFØRER
Vedtak:

- Solveig Vestenfor vart samrøystes valt som rådsordfører i Regionrådet for neste 4-års periode.
- Merete Gandrud vart samrøystes valt som varaordfører i Regionrådet for neste 4-års periode.

SAK 60/23 VAL AV REPRESENTANTAR TIL DIVERSE FORA
Vedtak:

For valperioden 2023 – 2027, er desse valt:

FORA/TILTAK	MEDLEM	VARA
Rådet til Fjellnettverket	Solveig Vestenfor Pål Rørby	Heidi Granli Anne Kari Eriksen
Styret for Fjellnettverket	Forslag: Sigrid S. Ilsøy	
Styre for Hallingdal Næringshage	Sigrid S. Ilsøy	Pål Rørby
Fagrådet i Hallingdal Etablerersenter	Pål Rørby	Sigrid S. Ilsøy
Styre Forum Nye Bergensbanen	Solveig Vestenfor	Heidi Granli
Representant til SLT	Merete Gandrud Anne Kari Eriksen Sigrid S. Ilsøy Hege Mørk Karsten Dideriksen Ola Frogner	Odd Egil Stavn Anders Halland Ole Johnny Stavn Heidi Granli Solveig Vestenfor Pål Rørby
Styre for Hallingdal Folkehøgskule	Merete Gandrud	Anne Kari Eriksen
Styre IS Rv7	Tor Egil Buøen	Avviklast
Arbeidsutval Forum Nye Bergensbanen	Jan Olav Helling	
Arbeidsutval Fjellnettverket	Jan Olav Helling	
UngInvest AIB avdeling Hallingdal	Anne Kari Eriksen	Merete Gandrud
Samferdselsutvalet	Solveig Vestenfor	Heidi Granli
Operativt arbeidsutval innan samferdsel for RR	Petter Rukke Tor Egil Buøen Ole Johnny Stavn Jan Olav Helling	
Representant til Klima Viken	Merete Gandrud	Anne Kari Eriksen
Styret i Sats på Hallingdal	Solveig Vestenfor Pål Rørby	
Styret i Innovasjon Hallingdal	Sigrid S. Ilsøy	Heidi Granli

Styringsgruppe Campus Hallingdal	Heidi Granli Pål Rørby Jan Olav Helling Karsten Dideriksen	
Leiar Vassområde Hallingdal	Forslag: Anne Kari Eriksen	
Leiar Hallingdal brann og redning		
Leiar Hallingdal Renovasjon		
Kontaktperson Vidju Holding	Heidi Granli	Sigrid S. Ilsøy
Kontaktperson Hallinghelse	Merete Gandrud	Heidi Granli
Kontaktperson VINN AS	Sigrid S. Ilsøy	Heidi Granli

SAK 61/23 KORLEIS FUNGERER DET REGIONALE SAMARBEIDET?

1. Regionrådet fekk ein gjennomgang av strategisk plan
2. Regionrådet drøfta samhandling, korleis skal me kommunisere oss imellom og til andre og korleis skal me jobbe med å bygge eit bra lag

SAK 62/23 ÅRSBUDSJETT FOR 2024 OG ØKONOMIPLAN 2024 – 2027

Vedtak:

- Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek følgjande forslag til finansiering av regionalt arbeid:
 - a. driftsbudsjettet 2024 for Regionrådet, med ei kommunal finansiering på kr. 2 900 000
 - b. gjennomføring av tiltak i strategisk plan med ei kommunal finansiering på kr. 900 000
 - c. oppbygging av disposisjonsfondet med ei kommunal finansiering på kr. 113 391
 Totalt er det framlegg om kommunal finansiering på kr. 3 913 391 som er ei auke for kommunane med 4,35%
- Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir på kr. 700 000 for 2024 og at ein går attende til vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2025. Ein rår til at disposisjonsfondet blir tilført kr 113 391 frå kommunane og kr. 200 000 frå bunde fond (høgskuletilbod obj 824) for å koma opp til kr. 700 000
- Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
- Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
- Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2024 – 2027.

SAK 63/23 MØTEPLAN 2024

Vedtak: Regionrådet vedtek følgende møteplan.

Dato	Stad	Møte
Fredag 26/1	Hol	Regionråd
Fredag 23/2	Hemsedal	Regionråd
Torsdag 21 - fredag 22/3	Ål	Regionråd
Torsdag 18 - fredag 19/4	Nesbyen	Hallingting
Fredag 31/5	Flå	Regionråd
Fredag 21/6	Gol	Regionråd
Fredag 30/8	Ål	Regionråd
Fredag 27/9	Hemsedal	Regionråd
Torsdag 24-fredag 25/10	Hol	Hallingting
Fredag 29/11	Flå	Regionråd
Fredag 13/12	Nesbyen	Regionråd

SAK 64/23

EVENTUELT

Saker til Hallingting i 4.-5.desember

- Introduksjon til regionalt samarbeid
- Kva er Hallingting - Vedtekter
 - Korleis fungerer det regionale samarbeidet.
 - Kva resultat kan me vise til historisk og kva jobbar me med no
 - Korleis samarbeider me regionalt
- Strategisk plan for Hallingdal – Status
- Årsbudsjett for 2023 og økonomiplan 2023-2026.
- Regionalt politiråd
- Skal me gjera noko moro – relasjonsbygging? Idear?

Orienteringar / status i interkommunale samarbeid:

- Vidju og info om ev. fusjon med Hemsedal og Føie
- Sats på Hallingdal - omstillingsprogram
- Bu og blilyst-satsing
- Samferdselssaker
- Felles opplæring med LVK ?

Regional eigarorganisering av IKS

Me tek saka opp att i neste regionråd.

Orientering frå arbeidsutval samferdsel (AUS)

AUS har søkt Stortinget om å delta i munnleg høyring, men fekk avslag: Har skrive skriftleg innspel til Transportkomiteen. Jobbar no med å få inn merknader til budsjettet, får til møte med delar av komiteen og Buskerudbenken og å bli med på Buskerudbenken si befarung i Hallingdal i januar.

Regionrådsinfo i alle kommunar

Regionrådet stiller gjerne opp på politikaropplæring eller folkevaltopplæring for å orientere om Regionalt samarbeid. Ordførar i kvar kommune inviterer.

Hærværk i Gol sentrum og uro knytt til utvikling av ungdomsmiljøet i Hallingdal

Ta det opp med HUR og i politiråd.

Hallingdal renovasjon

Problemstilling knytt til Hallingdal renovasjon vart drøfta. Styret drøftar sak i sitt møte den 31.okt.

Hallingdal 27. okt. 2023

Jan Olav Helling
Dagleg leiar